



Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/339 - 17/10628

Saksbehandlar:

Trude Langedal

trude.langedal@lindas.kommune.no

Dato:

11.04.2017

Områdeplan Alversund og KDP Knarvik-Alversund med Alverstraumen, referat frå møte i styringsgruppa 27. 03.2017

Stad og tid: kantina i Nordhordalandshallen kl. 12:00 til 16:00

Til stades frå styringsgruppa: Ståle Juvik Hauge, Sæbjørg H. Kjeka, Hogne Brunborg, Kristin F. Arvidsson, Karl Vågstøl, Thomas Larsen, Andreas Dyngen, Malin Knudsen, Bent Risøy.

Forfall: Ingrid Fjedsbø, Jørgen Herland, Gro Anita Høgquist (vara kunne ikkje møta)

Til stades frå administrasjonen: Frøydis Ones, Trude Langedal, , Inger Marie Jordal, Therese Urdahl Braseth, Hogne Haugsdal(i deler av møtet)

Gjennomgang av prosjektmetodikk, v/ Hogne Haugsdal

Hogne gjekk gjennom kommunen sitt system for prosjektmetodikk. Planarbeid skal nytta prosjektmetodikk som ligg inne i Lindås kvalitet 2019. To typar prosjekt; utviklingsprosjekt og investeringsprosjekt. Planarbeid er utviklingsprosjekt .

Det skal utarbeidas prosjektmandat og prosjektplan for dei offentlege planane, bakgrunn for dette er at det er mange offentlege planar som skal utarbeidast i perioden fram til kommunesamanslåing. I planstrategien ligg det inne at områdeplan for Lindås, Ostereidet(i prosess) og Alversund(i prosess) skal utarbeidast. I tillegg til kommuneplanens samfunnsdel og arealdel og KDP Knarvik-Alversund med Alverstraumen med fleire. Rolleavklaring og avgrensing av prosjekta vert spesielt viktig for å sikre gjennomføring av planprosessane. Meir informasjon om prosjektstyring finn ein på intranettsida til kommunen under fanen Lindås 2019.

Områdeplan Alversund, orientering om planprosessen, v/ Frøydis Ones

Frøydis orienterte om planprosessen for områdeplan for Alversund som starta opp i 2009. Det er fleire grunnar til at planarbeidet har vorte sett på vent, men no er prosessen i gang igjen og i framdriftsplanen er det lagt opp til at planen skal opp i regionalt planforum 25. april og 1. gangs handsamast i PMU den 31. mai.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Tilkomst og tomt for ny barneskule i Alversund ligg innafor planområdet. Ei sentral problemstilling er korleis ein skal utforma tilkomsten til skulen. Skyss vil ikkje køyra skulebussane inn til skuletomta, men setje av elevane ved fylkesvegen. Administrasjonen har fått konsulentar til og teikne ut ulike alternativ for trafikklysingar der buss, parkering og dropp – sone ligg ved fylkesvegen og der elevane og lærarane går nokre hundre meter til skulen. Dette er ei løysing etter hjertesone-prinsippet, der ei bilfri sone rundt skulen skal gjera det lettare for elevane å gå eller sykla til skulen. Frøydis presenterte dei to løysingane som arbeidsgruppa i dialog med Skyss og statens vegvesen vurderte som dei beste. Administrasjonen vurderer likevel ikkje at løysingane som vart vist er tilfredstillande. Begge er arealkrevjande og trafikksystemet verkar noko uoversiktleg og kaotisk. Busshaldeplassen krev stort areal og er dimensjonert for 4 bussar etter ønskje frå Skyss. Adm. meiner at det bør vurderast å behalde dagens busshaldeplass i Alversund og løysinga for buss vert vurdert i overordna plan KDP. Med bakgrunn i dette ynskjer administrasjonen å ta ein ny runde med fylkeskommunen, Skyss og vegvesenet om kollektivløysinga.

Kort orientering om ny barneskule Alversund, v/ Therese Urdahl Braseth

Therese orienterte om planane for den nye barneskulen. Eigedom har leigd inn Norconsult til å utarbeida ulike volumstudiar for å sjå korleis skuletomta kan byggast ut. Skulen skal dimensjonerast for 450 elevar med idrettshall og det er sett av plass for symjeanlegg (som ikkje vert bygd no) samt idrettsplass. Kunstgrasbana og symjehallen i Alversund vert brukt i ein mellombels fase. I volumstudien frå Norconsult ligg parkering, drop-sone og buss inn til skuletomta.

Tema som vart teke opp av styringsgruppa i samband med orienteringa :

Hjertesone

- Kor er hjertesone – prinsippet forankra? Er det bestemt, eller er dette ei løysing som kan diskutertast?
Svar: Hjerte- sone er eit framlegg frå administrasjonen, med bakgrunn i diskusjonen som har vore ved ny Knarvik barneskule (og i Bergen kommune) . Ønskjer å leggje til rette for at flest mogeleg av elevane går eller sykklar til skulen, at det vert trygt og attraktivt. Bussen stopper ved hovudvegen, ønskjer å leggje til rette for at alle elevane må gå like langt. Hjerte – sone er ikkje bestemt, det er eit framlegg.
- Spannande med både hjertesone og andre løysingar, heilskapen er viktig, det må være ei god trafikklysing for heile Alversund.
- Er positiv til drop sone
- Trygg skuleveg er viktig. Positiv til å skilje gang- og sykkel frå bil.
- Hjertesone er ein god tanke, positivt og trygt for barn. Ringbuss har vore diskutert tidlegare, er det vurdert no? Hall i Alversund, lettare tilgjengeleg var diskutert tidlegare.
- Kor langt vekk frå skulen bør ei eventuell hjertesone gå? Kanskje ei grense som går nærare skulen
- Bør har drop sone nærare skulen
- Rektor har ansvar for skulevegen, dersom det vert mange ulike soner vert det for mykje å forhalde seg til.
- Er det statistikk på trafikkulukker i drop soner rundt skular? Er det farleg? Er hjertesonetenkninga basert på synsing?
- Kan hall leggjast nærast parkeringsplass for å redusera trafikk forbi den nye skulen?

Trafikkløysinga generelt

- Behov for å komprimere trafikkløysinga, den tek mykje attraktivt areal. I Knarvik skal all parkeiring under bakken, her vert det planlagt store areal til flateparkering. Det bør vurderast å skilje hjerteromtrafikk og trafikk inn til det nye bustadområdet.
- Parkering inne i busshaldeplassen? den tek mykje plass. Innkøyrsløysing lagt under bakken?
- Noko parkering bør leggjast til skuleområdet. Kan ein skilje mellom ulike parkeringsbehov i området? Treng ikkje ha all parkering ved skulen, men delt mellom skuleområdet og areal ved fylkesvegen.
- Det er dårleg trafikkløysing rundt «gamle» skulen.
- Er det betre å få eller halde på buss stoppa langs vegen? Vert betre arealbruk samt moglegheit for pendlar parkering.
- Splitt opp og sjå på dei einskilde elementa: Skule-Parkering, Buss-Skule, Skule-Storsamfunn, m.fl.
 - o Administrasjonen: Det er ok å bruke dagens buss stopp til skulen. Problemet er heim igjen – for dei som skal til Kvamsvågen og lenger nord.
- Kan parkeringa vere i to etasjar, eventuelt under bakken?
- Det er dobbelt så mykje parkering som vert lagt til dette området (med skulen) enn det nye skulen i Knarvik får.
 - o Administrasjonen: Idrettshallen er dimensjonerande, og ein kan leggje parkeringsplassar i ein radius på 500 meter til grunn for parkeringsløysinga ved skulen. Desse har vi ikkje i Alversund.
- Kva med konsekvensar for trafikken på fv med dei skissene som er utarbeidd for kollektivløysing? Opphopning av trafikk på fv? Trafikktryggleik er viktig
- Kritisk til overflateparkering i sentrumsarealet i Alversund.
- Trafikkløysinga som er vist er dårleg for alle andre enn bussane
- Er det mogleg å gå vidare på noko av det som er lagt inn? Kva er bra i det som ligg inne i skissene?
- Kan bussane stoppe der haldeplassane er i dag, i fylkesvegen?
- Er det for tidleg å ta ei avgjerd? Kan rundkøyringa ved skulen brukast før vi treff endeleg avgjerd? Kombinert med å leggje nok parkering til skulen, og å ha noko parkering mellombels.

Løa

- Løa står i vegen for dei gode løysingane, bør flyttast. Kan vi få fram litt meir informasjon om kvalitetane i løa? Kan løa verte innlemma som ein del av den nye skulen?

Gangsamband

- Viktig å etablere gode gangforbindelsar, kopling til Kyststien. Kyststien må omtalast i planen, og regulerast inn.
- Det er gode kommunikasjonsliner frå brua til Alvermarka. Viktig med rette liner for alle.
- Gangvegen mellom parkeringsplassar, i dei framlagte skissene, og skulen er ikkje samanhengande. Dette må løysast.

Gamle skulen

- Planen må seie noko om gamle skulen

Nye bustadområde

- Desse områda må skiljast frå skule

Bygging av ny skule

- Konkurransgrunnlaget skal vere klart til midten av mai. Parkeringa kan verte ei eiga konkurranse som vert utlyst seinare. Men dersom parkering skal vere på skulen kan dette vere ein del av prekvalifiseringa. Dette må i tilfelle vere bestemt til midten av juni.

Med helsing

Trude Langedal
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.